



Kvinnherad kommune

Fellestenester
Politisk sekretariat

Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL

Tel: 53483100

Fax: 53483130

Org. nr: 964 967 636

Bankgiro: 3460.07.00083

post@kvinnherad.kommune.no

www.kvinnherad.kommune.no

facebook.com/kvinnherad

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua

0301 Oslo



Saksbehandlar
Karin Thauland

Tlf. direkte innval
53483353

Vår ref.
2014/1944-5

Dykkar ref.

Dato
11.11.2014

Konsesjon til overføring av Vatn 1062 og Vatn 1112 frå Pyttafloene til Mauranger kraftverk - Statkraft Energi AS

Kvinnherad formannskap hadde saka føre i møte 6.11.14 som sak 2014/112.

Vedlagt fylgjer utskrift av møteboka der vi syner til vedtaket.

Med helsing

Bente Høyland
Møtesekretær

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Karin Thauland

Saksframlegg

Kvinnherad kommune

Saksmappe

2014/1944-3

Saksbehandlar

Karin Thauland

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2014/112	Formannskapet	06.11.2014

Uttale til søknad om konsesjon til overføring av Vatn 1062 og Vatn 1112 på Pyttafloene til Mauranger kraftverk

Innstilling frå rådmannen:

Kvinnherad kommune meiner at området er særprega og framstår som inngrepsfritt i elles tungt utbygde omgjevnader. Utbygginga vil ha negative konsekvenser med omsyn til landskap, natur, friluftsliv og oppleving. Særskild vil reduksjon av vassføring i bekkjane merkast inst i Øyresdalen og ved bortfall/reduksjon av Såfossen.

Behandling i Formannskapet den 06.11.2014

NYTT FRAMSETT FORSLAG FRÅ E.E.Tharaldsen (Frp), A.Opsanger (Ap) og K.Prestnes (Uavh):

1. Kvinnherad kommune støttar søknaden frå Statkraft Energi AS om å overføre to vatn på Pyttafloene til Svartedalsmagasinet og Mauranger kraftverk.
Det er eksisterande kraftutbygging i området og dei landskapsmessige konsekvensane vil vera små.
Ei betre utnytting av kraftpotensialet i området vil gje meir miljøvennleg og fornybar energi.
2. Det skal byggast bru over kanalen som kryssar turstien mellom Markjelke og Hundsøyra slik det er føreslege i fagrapportane.

Røysting: Nytt framsett forslag vart vedteke med 6 mot 3 røyster. Dei som stemte mot var Kjell Yri (V), Peder Sjo Slettebø (H) og Leif Sverre Enes (H).

Vedtak frå Formannskapet den 06.11.2014

1. **Kvinnherad kommune støttar søknaden frå Statkraft Energi AS om å overføre to vatn på Pyttafloene til Svartedalsmagasinet og Mauranger kraftverk.**
Det er eksisterande kraftutbygging i området og dei landskapsmessige konsekvensane vil vera små.
Ei betre utnytting av kraftpotensialet i området vil gje meir miljøvennleg og fornybar energi.

2. Det skal byggast bru over kanalen som kryssar turstien mellom Markjelke og Hundsøyra slik det er føreslege i fagrapportane.

Saksutgreiing:

Statkraft Energi AS søker om å overføre to vatn på Pyttafloene til Svartedalsmagasinet og Mauranger kraftverk. Vant 1062 drenerer i dag til Øyreselva i Nordrepollen og Vatn 1112 drenerer til Austrepollelva.

Sjå www.nve.no/konsesjoner/konsesjonssaker/vannkraft

Det er eksisterande kraftutbygging i området:

Folgefonnverkene (Mauranger Kraftverk og Jukla kraftstasjon) fekk konsesjon i 1969. Det vert omfatta av fleire magasin og overføringar. Søkjar vil utnytte ein større del av kraftpotensialet i området.

Saka skal vurderast etter vassdragsreguleringslova § 6

Saka har vore lagt ut til offentleg ettersyn hjå NVE, på Rådhuset i Rosendal og på kommunen si heimeside.

Nedbørsfeltet er 0,45 km². Utbygginga vil føre til auka produksjon på 3 GWh som tilsvarar forbruket til 170 husstandar. Utbyggingskostnadene er rekna til 8 millionar kr.

Vatn 1062:

Vasspeilet vert heva med 0,5 m. Årsmiddelvassføringa vert i redusert med 12,3 % i sommarhalvåret. Det vil og fjerne 26 % av vassføringa i ein foss mot Øyresdalen. Sperredammen på 1 m vert synleg frå turstien mellom Markjelke og Hundsøyra .

Utbyggingskostnad er sett til kr 2,9 pr. kWh.

Vatn 1112:

59 % av vassføringa i Såfossen ned mot Austrepollen vert fjerna. I periodar er det i følgje søknaden so lite vassføring at fossen ikkje synast i landskapet.

Damhøgda vert 5 m . Det er ikkje vurdert alternative planar, men sperredammen som er planlagt i kløfta, kan flyttast nærare vatnet.

Kanalen på 30 m kryssar turstien mellom Markjelke og Hundsøyra. Vi rår til at det vert bygd bru som avbøtande tiltak slik det er føreslege i fagrapportane dersom det vert utbygging.

Utbyggingskostnad er sett til kr 2,0 pr. kWh

Generelt:

- Det går laks og aure i begge elvane, men dei har pr. i dag liten verdi som fiskeelvar.
- Det er ikkje planlagd nye vegar, kraftliner eller massetak i samband med utbygginga
- Det er ikkje lagt opp til minstevassføring .
- Utbygginga vil i følge søknad ikkje endre på flomtilhøva.
- Det vert liten endring i vasspeilet på dei to vatna
- Reduksjon INON(inngrepsfri natur)vert samla 4,6km² i INON-sone 2
- Arealbehov vert 10-15 dekar for dei to tiltaksområda inkludert dei 7 dekar som vert neddemt.
- Arealet er i kommunedeleplan avsett til LNF.

Økonomisk konsekvens:

I anleggsfasen vert det erfaringsmessig oppdrag til lokale bedrifter. Søkjar har antyda at dette utgjer verdiar på inntil kr 4 millionar. Skatteinntektene til kommunen er anslege til kr. 0,1 mill. pr. år i driftsfasen.

Miljømessig konsekvens:

Det er positivt at det vert produsert fornybar energi i tråd med Stortinget sitt klimaforlik. Samstundes er det i strid med Vanndirektivet sine krav som no er på høyring med frist 31. desember 2014 . EU har sett som mål at alle vassførekomstar minst skal oppretthalde eller oppnå « god tilstand» i tråd med nærare angjevne kriteriar www.vannportalen.no